



Master og anna utstyr vert henta ned til Børneset Industriområde.

**Det har vore hektisk helikoptertrafikk i Uskedalen i dag, fredag 3. april. Ein maskin frå Helitrans med base i Sauda har henta inn master, stålkonstruksjonar og linjeutstyr frå 66 Kv overføringslinja frå Matre via Uskedalen til Herøysundet. Linja frå Matre til Sekundærstasjonen i Uskedalen er ei oppgradering. Traseen vidare mot Herøysundet og i sjøkabel til Ånuglo er demontert. All helikoptertransport i dag gjekk til Børneset Industriområde.**

SKL si linjebygging tok til med framføring av anleggskraft mellom Uskedalen og Matre. Det var ei 10 Kv linje. Master og trådar var dimensjonert for 66 Kv linja som kom i 1952. Traseen gjekk til sekundærstasjonen i Uskedalen for uttak for Kvinnherad Kraftverk. Høgspennten gjekk vidare i sjøkabel over Hardangerfjorden til Langeland stasjon på Tysnes. Her var det fordeling med greiner mot nord til Fusa og på sør mot Stord.



Her er det presisjonsflyging ved henting av stolpar og stålkonstruksjonar i skogen.

Linjeutbygginga på 1950 talet er ein viktig del av SKL si saga. No er det Haugaland Kraft som driftar linja og som har lagt ned eit stort og omfattande arbeid med oppgradering og fornying.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Øystein Enæs/ Kristian Bringedal



Master gjort klar for henting.